



SURNADAL KOMMUNE

Plan for krisekommunikasjon og befolkningsvarsling

Vedlegg til kap. 8 og 9 i overordna beredskapsplan. Administrativ
rullering 01.03.2025

Innhald

.....	1
8 Plan for krisekommunikasjon.....	2
8.1 Mål og nøkkelp prinsipp.....	2
Kva er ei krise?	2
Mål for krisekommunikasjon	3
Mål for risikokommunikasjon	3
Kommunikasjonsprinsipp.....	4
8.2 Totalberedskap og krisekommunikasjon	4
RAYVN – kommunikasjonsverktøy for krisehandtering	5
8.3 Ansvarsfordeling krisekommunikasjon	8
Støtteteam.....	9
8.4 Tiltak krisekommunikasjon	10
Tiltak ved krigsliknande situasjonar	10
8.5 Målgrupper og kommunikasjonskanalar	11
Alternativ kommunikasjon.....	13
8.6 Sjekkliste	15

8 Plan for krisekommunikasjon

8.1 Mål og nøkkelprinsipp

Krisekommunikasjon er ein vesentleg del av all krisehandtering og Plan for krisekommunikasjon er ein del av kommunens overordna beredskapsplan jf. [Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4](#). Kommunen pliktar jamfør § 4 i kommuneloven å drive aktiv informasjon om si verksemd. Kommunen pliktar jamfør sivilbeskyttelsesloven § 15 å ha ein plan for informasjon til befolkninga og media.

Planen har som formål å vere eit effektivt verktøy for kommunal krisehandtering med utgangspunkt i dei ressursane vi rår over, og ansvarsområda vi har.

Vi legg til grunn måla og prinsippa i [Statens kommunikasjonspolitikk](#) og DSB sin [Veileder i krisekommunikasjon](#).

Kva er ei krise?

Kva som blir opplevd som ei krise kan variere. Plan for krisekommunikasjon dekkjer uønska hendingar av ulikt omfang, men legg til grunn DSB sin definisjon og eksempel på kriser:

Med ei krise meiner vi ei uventa og uønska hending som rammar mange samtidig i eit større område. Kriser inneber fare for tap av liv og helse, og skapar store utfordringar for tenester og funksjonar i samfunnet som vi er avhengige av.

Eksempel på kriser og samansette truslar

- Fleire dagar utan vassforsyning pga. sammenbrudd på sentral del av vassinfrastrukturen
- Omfattande strømbrydd over dagar etter sabotasje på fleire punkt i kraftinfrastrukturen
- Mobilnett, internett og elektroniske bank- og betalingsløyser fungerer ikkje pga. cyberangrep
- Sosial nedstenging pga. pandemisk utbrydd av influensavirus
- Uframkommelege vegar pga. ekstremver
- Mangel på legemiddel eller andre viktige varer pga. svikt i forsyningskjeda
- Oppfordring om opphald inne etter atomulykke

Begrepet *samansette truslar* viser til bruk av ulike verkemiddel i kombinasjon for å påverke ein motstandar med størst muleg effekt; også brukt om gråsonekrig, hybride truslar og hybrid krigføring ([NOU 2023:14](#))

Mål for krisekommunikasjon

Krisekommunikasjon legg vekt på handtering av oppståtte kriser, men gir også føringar for risikokommunikasjon i forkant av ei mogleg krise eller uønskt hending. I praksis er det ofte glidande overgang mellom risikokommunikasjon og krisekommunikasjon, alt etter situasjonen. Det er ikkje uvanleg at risiko og kriseråd blir kommunisert samtidig (DSB).

DSB definerer krisekommunikasjon slik:

Når kriser oppstår, handler krisekommunikasjon om å formidle viktige og presise budskap på en mest mulig effektiv måte, under stort tidspress. Kommunikasjonen skal begrense usikkerhet om ansvarsforhold, klargjøre hva virksomheten gjør for å løse problemet og redusere krisens omfang, samt formidle hvordan rammede kan få støtte og hjelp.

Mål for vår krisekommunikasjon

- Vi opptrer samla, koordinert, tydeleg og faktabasert.
- Vi bidrar til at innbyggjarar, tenestemottakarar, føresette og pårørande får relevant informasjon.
- Vi bidrar til å trygge befolkninga og oppretthalde tillit og samhald i lokalsamfunnet når nødvendig.
- Vi bidrar til at tilsette, tillitsvalde og folkevalde er informerte om situasjonen, tiltak og handteringa av krisa.
- Vi vidareformidlar eventuelle tiltak og budskap frå nødetatane, nasjonale og regionale myndigheiter når det er nødvendig.

Mål for risikokommunikasjon

I Statens kommunikasjonspolitikk er risikokommunikasjon definert slik:

Risikokommunikasjon er å kommunisere om moglege, uønskte hendingar og situasjonar som kan oppstå og som kan medføre skade på liv, helse, miljø og verdier. Føremålet er å gjere mottakarane merksame på moglege risikoar og få dei til å endre åtferd, slik at desse hendingane ikkje skjer eller at dei negative konsekvensane blir mindre.

Overordna kommunikasjonsprinsipp

For krisekommunikasjon gjeld dei same prinsippa for god kommunikasjon som elles når vi kommuniserer med innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og andre offentlege verksemdar (Statens kommunikasjonspolitikk). Desse er:

Openheit

I vår kommunikasjon med innbyggjaren skal vi vere open, tydeleg og tilgjengeleg.

Medverknad

Kommunen skal ta berørte innbyggjarar med på råd og involvere dei i utforming av politikk og tenester.

Nå alle

Kommunen skal sørge for at relevant informasjon når fram til alle berørte.

Aktiv

Kommunen skal aktivt og i tide gi informasjon om rettar, plikter og moglegheiter.

Heilskap

Kommunen sin kommunikasjon skal opplevast heilskapleg og samordna.

8.2 Totalberedskap og krisekommunikasjon

Nasjonale og lokale risikovurderingar og erfaringar frå både øvingar og handtering av kriser, utgjer eit viktig grunnlag for jamleg revidering av plan for krisekommunikasjon.

I januar 2025 la regjeringa fram [Totalberedskapsmeldingen](#) som inneber eit historisk vendepunkt i nasjonal kriseforståing, og som påverkar arbeidet med beredskap og samfunnstryggleik i heile sivilsamfunnet. Kommunane, nødetatane og andre beredskapsaktørar må vere forberedt på å handtere hendingar som spenner frå det heilt lokale med begrensa omfang, via større kriser med nasjonalt omfang, og i ytterste konsekvens, til krig (kap. 5).

Totalberedskapsmeldinga har tre hovudmål for arbeidet med å styrke motstandskrafta i sivilsamfunnet:

- Eit sivilt samfunn som er forberedt på kriser og krig
- Eit sivilt samfunn som står i mot samansette truslar
- Eit sivilt samfunn som understøttar militær innsats

Krisekommunikasjon blir i lys av desse måla særleg viktig for å styrke motstandskrafta i befolkninga og bevare høg grad av tillit i samfunnet. Effektiv intern og ekstern kommunikasjon blir heilt avgjerande for samhandling og koordinering av ressursar mellom aktørar i totalforsvaret på taktisk nivå.

Ved hendingar i øvre krisespekter med oppdragsløysing på tvers av sektoransvar, kan samordning og kvalitetssikring av krisekommunikasjon bli koordinert av andre myndigheiter enn oss.

Kjennskap mellom aktørane i totalforsvaret er ein føresetnad for kommunikasjon og samhandling. For å styrke rammen for eit operativt sivilt-miltært samarbeid arrangerte Surnadal kommune [Totalberedskapsdag](#) 19. nov. 2024.

Arbeidet med Langtidsplan for sivil beredskap startar i 2025. Kommunale planverk blir reviderte ved vidare avklaringar av betydning for kommunal beredskap, krisehandtering og krisekommunikasjon.

RAYVN – kommunikasjonsverktøy for krisehandtering

Felles situasjonsforståing er avgjerande for rask og effektiv krisehantering.

Under den langvarige og skiftande koronapandemien erfarte sivilsamfunnet behovet for tettare samvirke mellom lokale, regionale og nasjonale myndigheiter og etatar. Informasjonsbehovet var stort og det var viktig å gi jamleg og god informasjon om endringar, tiltak og smittesituasjonen i takt med informasjonsgrunnlaget vi hadde.

Både naturgitte og menneskeskapte truslar er meir krevande å førebygge og handtere enn nokon gong. I 2023 inngikk DSB rammeavtale med RAYVN, som felles digitalt beredskaps- og krisestøtteverktøy for stat og kommunar. RAYVN skal bidra til å koordinere og organisere informasjon under uønska hendingar der direktorat, statsforvaltarar, sivilforsvarsdistrikt, kommunar og andre er involverte i handteringa.

DSB og Statsforvaltaren organiserer nasjonale og regionale funksjonsøvingar i RAYVN, men det er avgjerande at vi også øver lokalt. RAYVN-ansvarleg i kriseleiinga sørgar for tilgang og grunnleggjande opplæring for medlemmar i kriseleiing og befalsvakt, opprettar kriselogg, utfører kommunikasjonsoppgåver og situasjonsrapportering.

Varsling og mobilisering

Medlemmar i kriseleiinga kan via RAYVN motta og svare på mobiliseringsvarsel frå eigen organisasjon, nabokommunar eller Statsforvaltaren, og delta i handtering av ei krise, uavhengig av fysisk lokasjon. Vi kan også mobilisere samvirkeaktørar via RAYVN under ei krise vi står i.

Kriseleiinga har eit varslingslag som sørgar for rask vidare varsling frå RAYVN via SMS, automatiske telefonanrop, e-post eller app-varsel.

Varsel via RAYVN skal innehalde:

- kort om type hending eller farevarsel
- aktuelt beredskapsnivå (gult, oransje, raudt)
- tid og stad for fysisk oppmøte når nødvendig

Mottakarar kvitterer ved å delta i digital kriselogg i RAYVN og/eller ved fysisk oppmøte.

Varslingslaget består av:

- | | |
|--|------------|
| • Ordførar Hugo Pedersen: | 911 29 434 |
| • Kommunedirektør Lars Inge Kvande: | 951 98 822 |
| • Brannsjef Tor Arne Moen: | 909 29 031 |
| • Beredskapskontakt Råg Ranæs: | 901 39 231 |
| • Kommunikasjonsansvarleg/RAYVN-ansvarleg Anne Lise With Vullum: | 908 50 020 |

Kven som helst kan varsle medlemmar i kriseleiinga om risiko eller uønska hendingar. Ulike beredskapssituasjonar krev ulik beredskapsrespons eller beredskapsnivå.

Beredskapsnivå	Forklaring med varslingsrutine
Normalsituasjon	Grunnberedskap 24/7 og dagleg drift. Beredskapsvakt følger med på varsel og meldingar som er av betydning for samfunnssikkerheit og beredskap i kommunen. Varsel som kan føre til auka beredskap blir sendt vidare internt til beredskapskoordinator og dokumentert i RAYVN. Varsling til kommunens beredskapsvakt og beredskapsleiing på 416 35 388 eller til beredskap@surnadal.kommune.no. Kommunen har i tillegg beredskap på hjemmesjukepleie, VA (vatn og avløp), IKT-vakt (Servicedesken 71 57 40 50), Surnadal brann og redning og legevakt 116117. Ved akutte og potensielt livstruande hendingar eller alvorlege personulykker, skal kommuneoverlege rutinemessig varslast. Befalsvakt eller legevakt kan mobilisere psykososialt kriseteam ved potensielt traumatiserande hendingar. Kommuneoverlege varslast.
Auka aktsemd	Kommunen har informasjon om auka risiko. F. eks ved mottatt oransje eller raudt farevarsel frå NVE. Aktuelle førebyggjande tiltak blir iverksett.

	Fører til intern varsling om auka oppmerksomheit, og informasjon og råd til innbyggjarane. Eventuelle beredskapstiltak som f. eks stenging av skular kan bli iverksett. Beredskapsvakt vurderer også auka aktsemd ved gult naturfarevarsel dersom det felle saman med annan kjent risiko. Det kan også vere at auka aktsemd blir brukt med utgangspunkt i annan informasjon kommunen har fått om truslar eller risiko. Varsel om auka aktsemd blir sendt til alle som har ei rolle i beredskap slik at alle kan gjere førebyggjende tiltak i tilfelle beredskapen blir forhøga.
Forsterka beredskap	Ei hending eller situasjon som krev iverksetting av beredskapstiltak. Befalsvakt og kommuneleiing vurderer behovet for å mobilisere operativ stab og øvrig beredskapsorganisasjon. Kommunedirektøren eller ordføraren tar stilling til om beredskapsnivået skal hevast. Beredskapsvakt skal vurdere situasjonsbildet opp mot annan kunnskap om forhold som kan påverke risiko. Alle tiltak rapporterst i RAYVN.
Høg beredskap	Behovet for koordinering på tvers av kommunalområda krev at kriseleiinga blir mobilisert. • Potensialet i ei hending kan påverke mange kommunalområde. • Hendinga gjer at det kan bli nødvendig å flytte ressursar mellom kommunalområda. • Kommunedirektør eller ordførar kan beslutte å sette krisestab.

8.3 Ansvarsfordeling krisekommunikasjon

Samordning av informasjonstiltak er viktig, ikkje minst mellom politiet, kommunal leiing og ansvarleg redningssentral. Ofte ligg det overordna informasjonsansvaret hos politi og redningssentral (lokal LRS eller sentral HRS) medan kommunal kriseleiing vil uttale seg om kva kommunen gjer.

For å sikre god informasjonsflyt og eigarskap til handteringa av krise, skal kriseleiinga ha ein kontaktperson som rapporterar frå åstaden. Desse rollane skal avklarast frå starten av ei krisehandtering.

Vi har erfart at krisekommunikasjonstiltak bør koordinerast av kommunikasjonsansvarleg. Dette skal bidra til at vi når måla for kommunens krisekommunikasjon internt og eksternt.

Rolle	Ansvar
Ordførar (Hugo Pedersen)	• Overordna ansvar for ekstern kommunikasjon og kommunens ansikt utad. • Formidlar omsorg for innbyggjarar og tilsette og bidrar til å redusere uro • Tiltak i handteringa av krise
Kommunedirektør (Lars Inge Kvande)	• Øvste administrative ansvar for organisasjonen • Opdaterer einingsleiarar med informasjon og instruksar • Løpande kontakt med tilsette i beredskapsgrupper/redning
Kriseleiinga	• Samordnar all informasjon og tar strategiske beslutningar om intern og ekstern kommunikasjon.
Kommunikasjons – ansvarleg (Anne Lise With Vullum)	• Deltak i kriseleiinga og leiar krisekommunikasjonen • Utformar budskap, oppdaterer eksterne informasjonskanalar og koordinerer informasjon med støtteteam, media og samvirkeaktørar • RAYVN-ansvarleg. • Kontaktperson for Møre og Romsdal Politidistrikt ved behov for kommunal liaison i politiets kommunikasjonsstab
Talspersonar	• Utnemnde representantar frå kriseleiinga eller beredskapsaktør som uttalar seg til media. • Talspersonar skal vere godt informerte og erfarne. • Så langt det er mogleg, følgjer bruken av talspersonar ansvarsprinsippet.
Politiet	• Uttalar seg om årsak til ulykke • Antal skadde og evt. døde • Frigir namn • Etterforsking • Eventuelle straffbare forhold

Støtteteam

Kriseleiinga er ansvarleg for kommunens krisekommunikasjon og for tilstrekkeleg bemanning av kommunikasjons- og informasjonstenester under ei krise. Eit støtteteam kan aktiverast i samråd med leiar av Personal og stab ved omfattande eller langvarige kriser.

Støtteteamet består av erfarne ressurspersonar i Personal og stab og Digitalisering og IKT, som kjenner kommunen godt.

Dei viktigaste oppgåvene er:

- Bistå kommunikasjonsansvarleg med oppgåver som medieovervaking, oppdatering av klarert informasjon på heimesider og interne kanalar, produksjon av informasjonsskriv og plakatar
- Forsterke publikumstenester som sentralbord og publikumsmottak ved stor pågang
- Bistå i formidling av informasjon mellom kriseleiing, eigen organisasjon og frivillige
- Drift av digital infrastruktur og kommunikasjonsutstyr for kriseleiinga, iverksette krisetiltak for drift ved bruk av nøddaggregat
- Klarere egne rom for kriseleiinga og organisere nødvendig bevertning etter behov (Formannskapsrommet, Kommunestyresalen eller Kantine)

Støtteteam for kriseleiinga			
Funksjon	Støttefokus	Namn	Telefon
Personalsjef	Berørte tilsette, bemanningsturnus støtteteam	Inger Nordby	900 12 436
Konsulent sørvistorg	Sørvistorg, publikumsmottak, sentralbord, oppdatere heimesider	Tove Børset	906 72 549
Arkiv	Dokumentasjon, innsynsbegjæring, sentralbord	Sigrid Janne Moen	948 64 065
Konsulent arkiv/ personalavd.	Sørvistorg, publikumsmottak, sentralbord	Ingveig Nordvik Bergstad	918 76 810
Digitaliseringsansvarleg	Digital infrastruktur, teknisk støtte, oppdatere heimesider	Pål Ranes	922 10 640
Rådgivar IKT	Digital infrastruktur, teknisk støtte, utstyr	Kjetil Sogge	918 38 612

8.4 Tiltak krisekommunikasjon

Etablering av krisekommunikasjon:

- Kommunikasjonsansvarleg deltek i kriseleiinga. Ved behov aktiverast støtteteam som bistår i handtering av krisekommunikasjon.
- Utarbeide kommunikasjonskart som viser den konkrete krise sine viktigaste målgrupper og interessentar.
- Identifisere og prioritere kritisk informasjon som må kommuniserast ut.
- Utarbeide talepunkt og gi råd til dei som skal uttale seg.

Utforming av budskap:

- Formidle fakta tydeleg og enkelt med fokus på:
 - Kva har skjedd?
 - Kven er berørte og korleis kan dette påverke innbyggjarane?
 - Kva gjer vi med situasjonen?
 - Kva kan berørte og innbyggjarar gjere?
 - Når blir alt normalt igjen?
- Bruke bekrefta kilder og unngå spekulasjonar.
- Fokuser på kva innbyggjarane treng å vite, og kva handlingar dei skal utføre.

Overvaking og respons:

- Overvake sosiale media og tradisjonelle media for å oppdage og korrigere feilinformasjon.
- Gi oppdateringar regelmessig, sjølv om det ikkje er nye utviklingar.

Samarbeide med eksterne aktørar:

- Koordinere med politi, helsevesen, sivilforsvar og andre relevante instansar.
- Delta i nasjonale og regionale kriseøvingar for å forbetre samarbeid og beredskap.

8.4.1 Tiltak ved sabotasje og krigsliknande situasjonar

Varsling av befolkninga:

- a. Bruke alle tilgjengelege kanalar for å nå ut til innbyggjarane raskt.
- b. Utstede klåre instruksar for tryggleik (f. eks. oppsøke tilfluktsrom, opphalde seg innandørs, begrense reiser).
- c. Vedlegg: Malar for SMS-varsling

Handtering av panikk:

- d. Gi tydelege og tryggande beskjedar for å redusere uro og hindre eskalering
- e. Oppfordre til samhald og vis korleis innbyggjarane kan bidra positivt.

Kontinuitetsplanlegging:

- f. Sikre at kommunen opprettheld kritiske tenester under krise.
- g. Ta i bruk planar for alternative kommunikasjonskanalar dersom digitale tenester sviktar.
- h. Vedlegg: Beredskapsplakat

2. Evaluering og oppfølging:
 - a. Gjennomføre evalueringar etter krisa for å identifisere forbedringsområde.
 - b. Samle erfaringar og oppdatere krisekommunikasjonsplanen basert på lærdom frå situasjonen.
 - c. Halde regelmessige øvingar for å sikre at planen er operativ og kjent for alle involverte.

8.5 Målgrupper og kommunikasjonskanalar

Eit nøkkelp prinsipp er at vi alltid informerer internt først, eller i det minste samtidig med at vi går ut med informasjon eksternt. Vi etablerer tidleg dialog med personalavdelinga i forbindelse med handtering av pårørande og eigne tilsette sitt behov for informasjon.

Kommunikasjonskartet skal vise dei viktigaste berørte og interessentar ved den enkelte krisa. Ei samla kriseleiing vil ha god oversikt over spesielle målgrupper vi skal ta omsyn til.

Viktige målgrupper å ta omsyn til enten vi kommuniserer i fysiske eller digitale flater:

- Innbyggjarane
- Eigne tilsette, tillitsvalde og folkevalde
- Media (lokalt, nasjonalt)
- Grupper som sårbare eldre/unge, personar med nedsett funksjonsevne, framandspråklege
- Samvirkeaktørar, øvrige myndigheter
- Næringslivet

Kommunikasjonsansvarleg har saman med kriseleiinga ansvar for å sikre heilskapleg informasjon på tvers av kanalar.

Kanal	Målgruppe
Kommunens heimeside – hovudkanal	Innbyggjarar, tilsette, media
Kommunens FB-side – støttekanal med overvaking 24/7	Innbyggjarar, tilsette, media
Ansattportalen	Tilsette og tillitsvalde
Teams	Tilsettemøte Samvirkemøte med eksterne Pressekonferanse
VISMA skule/BHG – hovudkanal ved kriser som berører drift i oppvekstsektoren	Foreldre i BHG og skule
Media	Innbyggjarar

	Kriseleiing og berørte myndigheiter er både avsendar og målgruppe for informasjon i media
RAYVN (DSB)	Nasjonal digital samvirkekanal for krisehandtering Kriseleiing, øvrige etatar og myndigheiter
SMS-varsling: Gemini varsling – kommunal Nødvarsel på mobil – Politiet/Sivilforsvaret	Innbyggjarar Innbyggjarar i eit område med akutt fare for liv og helse
NRK P1 radio via DAB	Nasjonal beredskapskanal for sikker informasjon til det norske folk ved nasjonal krise eller katastrofe
Vurdere SnapChat/Instagram/TikTok	Ungdom – i samarbeid med Ungdomsrådet

Alternative kommunikasjons- og varslingsmåtar

Ved bortfall av strøm vil vi etter tre timar miste mobildekninga. Når EKOM (mobiltelefoni, breiband, trådløst breiband, fasttelefoni) er nede, må vi ta i bruk alternative kommunikasjonsløyser og distribuere informasjon manuelt på anviste oppmøteplassar i kommunen. Det same gjeld ved omfattande cyberangrep på våre eller andre myndigheiter sine informasjonstenester.

Pålitelege distributørar av informasjon er lokale frivillige, eigne tilsette, heimetenesta, ev. operativ postombering, lokale brannmannskap – kort sagt, folk vi kjenner.

Oppmøteplassar og kontaktpunkt	Funksjon
Surnadal kommunehus Bårdshaugvegen 1 6650 Surnadal	Oppmøtestad for informasjon og kommunale tenester. Kriseleiinga er stasjonert her. Utstyrt med satelittelefon og nøddaggregat. Støtteteam, administrativ stab. Informasjonsplakatar hentast her.
Surnadal sjukeheim Bårdshaugvegen 22 6650 Surnadal	Oppmøtestad ved akutt behov for helsehjelp og kontakt med nødetatar via satelittelefon. Sjukeheimen har nøddaggregat.
Surnadal kulturhus	Oppdatert informasjon og råd til innbyggjarane frå kriseleiinga og involverte etatar blir hengt opp.
Nærbutikk i Bæverfjord Matkroken Bæverfjord Åsskardvegen 1324	Oppdatert informasjon og råd til innbyggjarane frå kriseleiinga og involverte etatar blir hengt opp.
Nærbutikk i Bøfjorden Coop Marked/Matkroken Bølandsvegen 245	Oppdatert informasjon og råd til innbyggjarane frå kriseleiinga og involverte etatar blir hengt opp.
Nærbutikk i Todalen Matkroken Todalen Todalvegen 1354	Oppdatert informasjon og råd til innbyggjarane frå kriseleiinga og involverte etatar blir hengt opp.
Mo oppvekstsenter Øvre Surnadal	Oppdatert informasjon og råd til innbyggjarane frå kriseleiinga og involverte etatar blir hengt opp.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter Lykkjeeidet, Kvanne	Oppdatert informasjon og råd til innbyggjarane frå kriseleiinga og involverte etatar blir hengt opp.
Kyrkjene våre/grendehus	Kan vere aktuelle samlingsplassar for støtte og trøyst som gir motstandskraft i ei vanskeleg tid.

Kommunikasjonskanalar

Funksjon

Jaktradio Kanal Jakt 1	Kommunal vakttelefon lyttar på denne 24/7 og kan motta beskjedar frå innbyggjarane her. NB: Ikkje belast kanalen om du ikkje treng hjelp
Omkopling til wifi-tale, slik gjer du det	Ved ustabilt mobilnett
Lokale brannmannskap	Utstyrt med jaktradio. Vil kunne formidle beskjedar/informasjon til/frå grendene.
Satelittelefonar	Bruksanvisning ligg i eska: SIM-kortet er på plass. Det er ikkje lagt inn PIN-kode. Slå på oppe på telefonen. Dra ut antenna på toppen og koble til forsterkerantenna. Vent til telefonen finn signal. Det er best utandørs.
1 Surnadal kommunehus: 00881631404773	• Ringe til annan satellittelefon: tast 00 først • Ringe til fasttelefon: på vanleg måte. • Ringe til mobiltelefon: tast 0047 + mobilnummer
2 Surnadal sjukeheim: 00881631401218	
3 Befalsvakt: 00881631405130	

8.6 Sjekkliste

Tips og råd første fase:

- Varsling
- Vurdere eigarskap til krise (i kva grad er eiga verksemd berørt, andre sentrale berørte?)
- Kalle inn ekstra hjelp
- Melding til tilsette
- Vurdere behov for ekstra hjelp
- Varsle sentralbord og resepsjon
- Avklare talspersonar
- Igangsette pårørandetelefon - ?
- Igangsette medieovervaking
- Legge ut informasjon på relevante kanalar
- Lage budskap for ulike kanalar
- Oppdatere informasjon i alle kanalar, for eksempel nettside og sosiale media
- Avklare med HR vedr. informasjon til pårørande
- Vurdere pressekonferanse/stad for å møte pressa
- Sannsynlege utfordringer vedr. kommunikasjon i forbindelse med krise?
- Dele informasjon internt, delta på interne møte om krise
- Dele informasjon eksternt, ta kontakt med viktige samarbeidspartnarar i krise for utveksling av informasjon osv.
- Fakta-innsamling
- Finne fram forhåndsprodusert materiale og vurdere behov for å lage nytt
- Loggføring i RAYVN

Utstyrsliste:

- Kommunikasjonsansvarleg: 2 stk laptopar
 - Ein dedikert loggføring i RAYVN – kopla til storskjerm
 - Ein dedikert oppdatering av klarert informasjon i informasjonskanalar og til støtteteam
- 2 Strømkablar PC
- Jabra-høgtalar
- 4 ekstra mobilladarar (iPhone og Androide) i reserve for medlemmar i kriseleiinga,
- 2 stk oppladde powerbanks
- Utskrift av Plan for krisekommunikasjon
- Utskrift av Plan for oppretting og drift av EPS
- 2 utstyrsassar EPS med merkelappar, vestar, registreringsskjema, etc
- A3 ark + sprittusjar ved bortfall av strøm og eKom
 - Kommunestempel
 - Hodelykter
 - Stiftpistol, hammar og spiker, solid blank tape, tegnestiftar